



ÅRSREKNESKAP 2014



Innhold

Visjon og forretningsidé	4
Styringsbodskap og mål	5
Organisasjonskart	6
Årsberetning	7
Resultatregnskap 2014	14
Balanseregnskap 2014	15
Kontantstrømoppstilling 2014	17
Notar	19
Melding frå revisor	30





OM OSS

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01. november 2004.

Selskapet er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest.

Vi leverer utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest.

Selskapet skal bidra til ei betre helse-teneste ved innovativ bruk av IKT-løysingar. Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.

Helse Vest IKT har kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

NØKKELTAL


- 396 tilsette
- Omsetning i 2014 på 769 mill. kr.
- Drift og forvaltning av 800 system
- Leverer IKT-tenester til 38.000 brukarar
- Leverer 17.950 PC-ar på 140 ulike stadar

KONTAKT

Ibsens gate 104
5052 BERGEN

Telefon: 55 97 65 00
E-post: postmottak@helse-vest-ikt.no
Web: www.helse-vest-ikt.no
Org.nr: 987 601 787

VISJON OG FORRETNINGSIDÉ



VISJON:

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlingen.

FORRETNINGSIDÉ

- Helse Vest IKT AS skal vere leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.
- Helse Vest IKT AS skal vere den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærleik, bransjekunnskap og brei erfaring.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til å betre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT.
- Helse Vest IKT AS skal bidra til at løysingar vert kjøpt inn, innført og forvalta i tråd med brukarane sine behov og føretaksgruppa sine strategiske mål.
- Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelege for kundane ved behov.

STYRINGSBODSKAP OG MÅL

STYRINGSBODSKAP

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området.

Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest RHF.

OVERORDNA MÅLSETTINGAR

Helse Vest IKT har ein todelt funksjon. Selskapet skal 1) produsere IKT-tenester og 2) bidra til innovativ bruk av IKT i helseføretaka.

Produsere IKT-tenester

- Helse Vest IKT skal gjennom proaktiv overvaking og god beredskap sørge for stabil drift av infrastruktur og løysingar.
- Helse Vest IKT skal sørge for einskapleg og kosteffektiv produksjon av IKT-tenestene.
- Helse Vest IKT skal sørge for å redusere ressursbruken og auke kvaliteten ved å standardisere og kontinuerleg forbetre infrastrukturen, løysingane og prosessane som bidreg til at IKT-tenestene vert levert.
- Helse Vest IKT skal samordne og integrere løysingar for å understøtte at nødvendig informasjon om pasienten følgjer han gjennom pasientforløpa både lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Helse Vest IKT skal i rolla som databehandlar sjå til at den tekniske IKT-tryggleiken er innanfor eit akseptabelt risikonivå, slik at tilgangen til, konfidensialiteten for og integriteten av informasjon vert sikra.

Bidra til innovativ bruk av IKT

- Helse Vest IKT skal bidra til å forenkle pasientbehandlinga i brei forstand og gi høve til gevinstrealisering ved innovativ bruk av teknologi og løysingar.
- Helse Vest IKT skal bidra til kontinuerleg utvikling i bruken av IKT gjennom å leggje til rette for eit tett samarbeid med helseføretaka og relevante leverandørar.
- Helse Vest IKT skal bidra til at verksemdsarkitektur vert etablert og forvalta i Helse Vest for å understøtte strategiane til føretaksgruppa.
- Helse Vest IKT skal forvalte, forenkle og utvikle teknologi- og applikasjonsarkitekturen for å understøtte arbeidsprosessar og pasientflyt.
- Helse Vest IKT skal støtte moderne arbeidsflater som byggjer opp om arbeidsprosessane på ein fleksibel og mobil måte.
- Helse Vest IKT skal bidra til å bruke om att IKT-erfaringar og kompetanse i verksemdene og utveksle erfaringar og kompetanse mellom verksemdene.
- Helse Vest IKT skal bidra til å sikre endå betre vedtaksgrunnlag i forkant av større teknologiinvesteringar eller ved investeringar der teknologi spelar ei vesentleg rolle.
- Helse Vest IKT skal ha kompetanse innanfor porteføljestyring og program-, prosjekt- og testleing for bruk ved gjennomføring av prosjektporteføljen til Helse Vest.

LEIARGRUPPA I HELSE VEST IKT



Erik M. Hansen
Administrerende
direktør

Hovudfag i Informatikk frå UiB. Tidlegare forskar/forskningsleiar ved CMR, og IKT-direktør ved Haukeland Universitetssjukehus.

Leif Nordland
Økonomisjef

Siviløkonom frå Handelshøgskulen i Bodø. Tidlegare økonomisjef i Hummervoll AS og rekneskapssjef i Helse Bergen.

Ørjan Andersen
Avdelingsleiar
Tenesteutvikling

Hovudfag i Informasjonsvitskap frå UiB. Tidlegare konsulent i PWC og rådgjevar og prosjektleiar i Helse Bergen.

Harald Flaten
Avdelingsleiar
Tenesteproduksjon

Elektronikkingeniør frå NKI's Ingeniørhøgskule i Bergen. Tidlegare driftsingeniør i Televerket og driftsleiar for IT-avdelinga ved Sentralsjukehuset i Førde.

Fredrik Eldøy
Avdelingsleiar
IKT-fagsenter

Sivilingeniør i telematikk frå NTNU. Tidlegare arbeida på UiB og hos EDB Business Consulting.

Gjertrud Fagerli
Avdelingsleiar
Virksomhets-
utvikling

Sivilingeniør og leiarutdanning frå NHH og BI. Har tidlegare arbeida i Accenture, Telenor og EDB Business Partner.

ORGANISASJONSKART

Administrerende direktør
Erik M. Hansen

Økonomi og HR
Økonomisjef
Leif Nordland

Virksomhetsutvikling Avdelingsleder Gjertrud Fagerli	Tjenesteutvikling Avdelingsleder Ørjan Andersen	Tjenesteproduksjon Avdelingsleder Harald Flaten *	IKT-fagsenter Avdelingsleder Fredrik Eldøy
Innovasjon og arkitektur Seksjonsleder Geir Granerud	EPJ- løsnings Seksjonsleder Hildegunn Isene	Applikasjonsdrift Seksjonsleder Odd Einar Aamodt-Skeidsvoll	Kundesenter Seksjonsleder Thomas Yrvin
Integrasjon og løsnings- utvikling Seksjonsleder Kristin Farestvedt	Kliniske og administrative løsnings Seksjonsleder Oddny Sønnesyn	Plattform Seksjonsleder Frode Langeland	Plattformstøtte Seksjonsleder Ronny Grønsdal
Prosjektledelse Seksjonsleder Eirik Aaserød	Styrings- og kvalitetsdata Seksjonsleder John Kåre Knudsen	Server og lagring Seksjonsleder Anders Fredrikson	Applikasjonsstøtte Seksjonsleder Elisabeth Skeide Larsen
Test og innføring Seksjonsleder Pål Gaute Sætre	Regionalt systemansvarlige Seksjonsleder Ørjan Andersen	Kommunikasjon Seksjonsleder Fredrik Brun	Tilgangsbehandling Seksjonsleder Jens Vatne
		Tele og signal Seksjonsleder John Arne Lillestøl	
		Leveranse Seksjonsleder Jarle Simonsen	

Stab

Avdeling

Seksjon

* Ledelsens representant for miljøstyring

ÅRSBERETNING

Helse Vest IKT AS vart etablert som eige aksjeselskap 01. november 2004. Helse Vest IKT feira 10 årsjubileum i 2014. Selskapet er eit resultat av samanslåinga av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest, og er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF. Helse Vest IKT er etablert med kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

Helse Vest IKT AS har som formål å levere IKT-tenester til alle helseføretaka som inngår i føretaksgruppa Helse Vest RHF. I tillegg kan Helse Vest IKT AS levere IKT-tenester til ein avgrensa ekstern marknad innan helsesektoren der dette er naturleg. Helse Vest IKT skal bidra til at IKT vert nytta av helseføretaka slik at desse kan nå sine målsettingar om å yte gode og effektive spesialisthelsetenester til brukarane.

Ein Vestlending – ein sjukehusjournal

I 2014 har Helse Vest IKT arbeida målretta med å få på plass ein felles pasientjournaldatabase for at informasjonen i pasientjournalssystemet på ein enklare måte kan delast mellom føretaka i Helse Vest. På sikt skal informasjonen òg kunne delast med primærhelsetenesta.

Gjennom prosjektet «EPJ-konsolidering» har Helse Vest IKT samla tre av fire helseføretak i ein felles pasientjournaldatabase i løpet av 2014.


Våren 2015 er heile Helse Vest klar til å ta ut effekten av lovendringane som no vil tillate deling av pasientinformasjon mellom ulike juridiske einingar. Dette betyr at helseføretaka i Helse Vest og dei private, ideelle sjukehusa som har behov for å dele informasjon kan gjere dette i pasientbehandlinga.

Omfattande endringar

Journalssystemet vert nytta av 22 000 brukarar i Helse Vest og inneheld meir enn 2 millionar pasientjournalar og 50 millionar journaldokument. Store endringar på dette feltet stiller derfor strenge krav til prosjektstyring og kontroll. Prosjektet har hatt vesentlege bidrag frå store delar av Helse Vest IKT og dei ulike helseføretaka. Sjølv om prosjektet har hatt ein krevjande tidsplan, har leveransane vore av god kvalitet.

Gjensidig nytte

Ein felles konsolidert database med pasientjournalinformasjon opnar opp for større grad av samhandling i regionen, og legg til rette for meir effektiv IKT-drift og vedlikehald. Sjukehusa vil òg ha stor nytte av innføringa av ein felles database, både gjennom auka samarbeid og fleire felles rutinar og prosedyrar mellom sjukehusa. Dette vil også kunne betre tilgang til pasientinformasjon til pasientgruppa som får behandling på fleire sjukehus.



*Prosjektet «EPJ-konsolidering» bidreg til at informasjonen i større grad kan følgje pasienten.
Foto: Helse Vest RHF*

ÅRSBERETNING

Først ute med eResept

Haukeland universitetssjukehus var første norske sjukehus som hausten 2012 tok i bruk «eResept» på ei avdeling. Voss sjukehus var pilot for prosjektet i 2013, før det vart innført i resten av regionen. I løpet av første halvår 2014 var «eResept» i bruk ved alle sjukehusa på Vestlandet.

Enklare rutinar og betre kommunikasjon

Tenesta gir tryggare legemiddelbruk og enklare rutinar for handtering av reseptar både for pasientar og helsepersonell. Gjennom innføringa av «eResept» kan sjukehusa på ein sikrere måte følgje med på kva for medisin primærlegen skriv ut. I praksis fungerer dette ved at all informasjon vert samla i ein felles nasjonal database som alle apotek har tilgang til når pasienten kjem for å hente medisin. Med andre ord er kommunikasjonen rundt legemiddelbruk betra betrakteleg, noko som òg er med på å redusere uheldige kombinasjonar av legemiddel.

Sikker legemiddelbruk

«eResept» har stilt store krav til å etablere både ny IKT-infrastruktur og gode arbeidsprosessar i sjukehusa og apoteka. For å sikre at rett lege skriv ut resept til rett pasient er det etablert sikkerheitsløyisingar med høgaste sikkerheitsnivå (PKI 4). I tillegg er systemet for «eResept» tett integrert med sjukehusa sine pasientjournalssystem.



*Helse Vest IKT bidrar til at Helse Vest fortsatt er langt framme i digitalisering av pasientbehandlinga og gjennom eResept og KULE medverkar til sikrere legemiddelbruk.
Foto: Sjukehusapoteka Vest HF*

ÅRSBERETNING

Eit betre pasienttilbod

Helse Vest IKT har i 2014 aktivt lagt til rette for Helse Stavanger sitt prosjekt «Helse@hjemme». Den nye løysinga er basert på bruk av nettbrett og gir eit betre og meir kostnadseffektivt tilbod til pasientane.

Helse Vest IKT har medverka i prosjektet ved å sørge for teknisk plattform på nettbrett. Det har òg vorte gjennomført test av løysinga i tett dialog med brukarane. Prosjektet har i første omgang vore retta mot KOLS-pasientar.

Tryggleik i heimen

I praksis fungerer løysinga ved at levande bilete og lyd vert overført mellom pasient og sjukehus. Tiltaket har gjort det mogleg å gjennomføre daglege konsultasjonar utan at pasientane treng å møte opp på sjukehuset. På denne måten kan pasientane nyte dagane heime.

Prosjektet har vist at telemedisinsk oppfølging av pasientane etter utskriving har ein positiv effekt med tanke på tryggleik i heimen og re-innleggingsdøgn.

Kortare sjukehusopphald

Oppfølginga gjer at pasientane kan skrivast ut tidlegare, og har medverka til ein reduksjon i mengda med liggedøgn på sjukehuset. Den nye telemedisinske løysinga vil òg vere mogleg å overføre til andre pasientgrupper.

Løysinga kan etter kvart nyttast av mellom anna hjertesviktpasientar og kreftpasientar, men tilbodet kan også vere eit godt verktøy i samhandlingsreforma for å skape tettare samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. Helse@hjemme-tilbodet er i tråd med reforma sine intensjonar og forventingar om at pasientar skal behandlast på så lågt omsorgsnivå som mogleg.



Helse@hjemme» gjer at pasientane kan ha konsultasjonar heimanfrå og sørger for kortare sjukehusopphald.

Foto: Helse Vest RHF

ÅRSBERETNING

Når alle møter vert ventetida kortare

Sjølv om kapasiteten på poliklinikkane vart auka, var ventelistene lange. Helseføretaka ser ut til å ha ein teoretisk kapasitet til å behandle 300 000 fleire pasientar, men korleis kan dei utnytte tida betre? Legane sin planleggingshorisont er ofte ikkje meir enn eit par veker, noko som gjer at timar vert tildelt med kort frist. Av denne grunn er det ikkje så rart at mange treng å endre timeavtalen sin.

Pasientane møter ikkje opp

Opningstider på berre to timar midt på dagen gjer at pasientane ikkje kjem gjennom på telefon, noko som igjen fører til at mange ikkje møter opp på avtalt time.

I 2012 var det over 82 000 pasientar som ikkje møtte utan å seie ifrå. Dette førte til meir re-planlegging for sjukehusa og lengre ventetider for pasientane. Prosjektet «Alle møter» fekk sitt startskot i 2013 som eit samarbeid mellom helseføretaka i føretaksgruppa, Helse Vest RHF, Helse Vest IKT og Helsedirektoratet.


Service heile døgnet

Ei undersøking i «Alle møter» viste at omlag 40 % av alle innkomande telefonsamtalar er knytt til spørsmål om informasjon rundt pasientanes timeavtalar. For å få fleire pasientar til å møte ved å sørgje for betre informasjonsutveksling vart innloggingsløysinga «Vestlandspasienten.no» lansert januar 2014. Prosjektet er eit samarbeid med helsenorge.no som vert utvikla av Helsedirektoratet.

Tilbodet gjer at pasientane kan sjå status på tilvisingane sine, legge timen i kalender, bekrefte at ein kjem til timen, samt sende melding om ein har spørsmål, ønskjer å endre timen eller å avslutte behandlinga.

Pasientane får i tillegg påminning på SMS når dei får tildelt time og rett før dei skal på sjukehuset. Om nokon står i fare for å ikkje møte til avtalt time får helsepersonell beskjed om dette, og kan derfor ringe desse pasientane for å minne dei om timen eller tilby ny time. Frå november 2014 vart òg status for tilvising vist til pasienten gjennom Vestlandspasient.no.

Helse Vest fekk eHelseprisen for 2014 for arbeidet med Vestlandspasienten.no!



På «Vestlandspasienten.no» kan ein logge seg inn med bank-ID og få oversikt over timeavtaler ved helseføretak på Vestlandet.

Foto: Helse Vest RHF

ÅRSBERETNING

Haraldsplass – betre drift og enklare samhandling

I januar 2014 valde Haraldsplass Diakonale sjukehus å nytte Helse Vest IKT som sin leverandør av IKT-tenester. Sett i lys av den tette samhandlinga mellom Haraldsplass og helseføretaka i Helse Vest, særleg Helse Bergen HF, er dette samarbeidet innan IKT til nytte for pasientar og helsepersonell.

Helse Vest IKT har levert ei moderne IKT-løysing til sjukehuset med nytt PC-oppsett basert på ein oppgradert infrastruktur. Systema som er levert til Haraldsplass er i hovudsak dei same som helseføretaka i Helse Vest nyttar. Dette gir store fordelar fordi drift av løysingane vert enklare.



*Haraldsplass Diakonale Sykehus nyttar no Helse Vest IKT som sin IKT leverandør, noko som fører til betre samhandling for alle partar.
Foto: Helse Vest RHF*

Ny seksjon, betre kvalitet

I 2014 etablerte Helse Vest IKT seksjonen «Test og Innføring». Den nye seksjonen skal levere kostnadseffektive tenester som aukar kvaliteten på IKT-løysingane i Helse Vest.

Seksjonen vert først og fremst oppretta for å auke kvaliteten på IKT-løysingane som vert tekne i bruk i Helse Vest, dette ved å bidra med testleing og testrådgjeving. Jo tidlegare test vert sett på dagsorden i eit prosjekt, desto tidlegare kan feil verte avdekt. Dette fører òg til lågare prosjektkostnad.

Eit anna viktig mål med den nye seksjonen er å gjere Helse Vest IKT til ein endå betre partner for IKT-relatert endringsarbeid i Helse Vest, gjennom å etablere ein funksjon for koordinering av leveransar frå Helse Vest IKT til program og prosjekt. Desse leveransane kan vere både i form av produksjonssetting, tekniske leveransar og tilgang til ulike testmiljø.

ÅRSBERETNING

Rekneskapsresultat

Rekneskapsmessig resultat for 2014 var eit overskot på 14,7 mill. kr. Av dette skuldast 9,8 mill. ei levealdersjustering for offentlege tenestepensjonsordningar for personar fødd i 1954 eller seinare. Effekten er handsama som ein planendring. Resultatet er 3,9 mill. kr betre enn budsjett, og i tråd med forventning. Akkumulert rekneskapsmessig resultat for perioden frå 2004 – 2014 visar eit overskot på 36,1 mill. kr.

Dei totale inntektene var 769,0 mill. kr. Av desse var 716,1 mill. kr sal av tenester til helseføretaka, 14,3 mill. kr sal av IKT-utstyr, 29,9 mill. kr sal av tenester til eksterne kundar og 8,7 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt tilskot frå Helse Vest RHF).

Totale driftskostnader var 747,0 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 15,3 mill. kr, personalkostnader 204,6 mill. kr, avskrivningar 174,8 mill. kr og andre driftskostnader 352,3 mill. kr. Med netto finanskostnader på 7,3 mill. kr gjev dette årsresultat på 14,7 mill. kr.

Balanse

Totalkapitalen per 31.12.2014 var 995,0 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 80,3 % av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 187,4 mill. kr og utgjorde dermed 18,8 %.

Finansiell stilling

Likviditetsbeholdning var 62,0 mill. kr og dermed tilfredsstillande. Auken i gjeldsgrad og reduksjon i soliditet held fram på grunn av store investeringsprosjekt, men endringa er mindre enn føregåande år. Ein nærmar seg eit punkt der selskapet er sjølvfinansiert gjennom egne avskrivningar og kan nedbetale gjeld og auke soliditeten. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sin årsrekneskap for 2014.

Om miljø

Sjukefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT var i 2014 på 4,7 %, mot 5,0 % i 2013, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær. Selskapet har hatt ei positiv utvikling i sjukefråværet.

Helse Vest IKT er ein relativt ny organisasjon sett saman av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltingskultur til ein kundeorientert kultur har vore viktige utfordringar for selskapet. Helse Vest IKT opplever å ha kome langt i arbeidet med ein god og felles kultur på tvers av lokasjonar og avdelingar internt i selskapet og i samarbeidet med helseføretaka i Helse Vest.

Ytre miljø

Helse Vest IKT AS si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall. Helse Vest IKT fokuserer på bruk av video- og telefonmøter for å redusere reiseaktivitet. Selskapet har i 2014 arbeida med sertifisering etter ISO 14001, og første revisjon frå Det Norske Veritas vart gjennomført i november 2014. Sertifisering er venta å kome i april 2015.

Eigartilhøve

Helse Vest IKT AS er eigd 100 % av Helse Vest RHF. Per 31.12.2014 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1 000 000 fordelt på 2 000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

Likestilling

57 % av dei eigarvalde styrerepresentantane er kvinner. Samla sett har styret 63 % kvinner.

I 2014 var 22 % av leiinga (inkl. stabsleiarar), 25 % av avdelingsleiarane og 22 % av seksjonsleiarane kvinner.

ÅRSBERETNING

Helse Vest IKT AS tilset den best kvalifiserte søkeren til stillingar uavhengig av kjønn. Selskapet vurderer det som viktig å ha breidde i arbeidsstyrken og vil føretrekke kvinner i stillingar innanfor mannsdominerte seksjonar og menn innanfor kvinnedominerte seksjonar, når andre kvalifikasjonar elles er like.

Disponering av årsresultatet













Årsresultatet for 2014 var eit overskot på kr 14 665 855. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at overskotet vert ført mot annan eigenkapital.

Utsikter framover

Helse Vest IKT AS har som mål å vere den føretrekte strategiske partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å *bidra til forenkling av pasienthandsaminga*, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar. Det grunnleggande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at *Tenesteavtalen* med kundane våre skal overhaldast, og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med *porteføljen* som er vedteken i Helse Vest.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom nok eit spennande år.

Stavanger, 16. mars 2015

 Herlof Nilssen Styreleiar	 Anne Hilde Bjøntegård Styremedlem	 Eivind Gjerdal Styremedlem
 Stener Kvinnsland Styremedlem	 Inger Cathrine Bryne Styremedlem	 Mette Kamsvåg Styremedlem
 Anne Kristin Kleiven Styremedlem	 Lars Erik Baugstø-Hartvigsen Styremedlem	 Bodil Lekve Styremedlem
 Ørjan Midttun Styremedlem	 Agnete Sjøtun Styremedlem	 Erik M. Hansen Administrerende direktør

RESULTATREKNESKAP 2014

	Note	2014	2013
DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADAR			
Basisramme	2	0	3 719
Anna driftsinntekt	2	769 028	677 209
Sum driftsinntekter	2	769 028	680 928
DRIFTSKOSTNADAR			
Varekostnad		15 284	15 025
Løn og andre personalkostnader	3	204 649	188 366
Ordinære avskrivningar	6	174 780	142 826
Andre driftskostnader	4	352 320	331 633
Sum driftskostnader		747 033	677 850
Resultat frå drifta		21 995	3 078
FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADAR			
Finansinntekter	5	1 994	2 551
Finanskostnader	5	9 323	10 495
Netto finanspostar		-7 329	-7 945
Resultat før ekstraordinære postar		14 666	-4 867
Resultat i perioden		14 666	-4 867
Overført annan eigenkapital	11	14 666	-4 867
Sum overføringar		14 666	-4 867













BALANSEREKNESKAP 2014

EIGENDELAR	Note	2014	2013
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigendelar			
Programvarelisensar	6	419 537	362 788
Prosjekt under utvikling	6	132 079	103 056
Sum immaterielle eigendelar		551 616	465 844
Varige driftsmiddel			
IKT-utstyr, inventar transp.m. o.l	6	182 015	183 749
Anlegg under utføring	6	63 879	51 053
Varige driftsmiddel		245 894	234 802
Finansielle anleggsmiddel	7	1 623	1 318
Andre finansielle anleggsmiddel		1 623	1 318
Sum anleggsmiddel		799 133	701 963
Omlaufsmiddel			
Varer	8	5 389	6 454
Krav	9	128 480	90 539
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	62 019	74 924
Sum omlaufsmiddel		195 888	171 917
SUM EIGENDELAR		995 022	873 880

BALANSEREKNESKAP 2014

EIGENKAPITAL OG GJELD

	Note	2014	2013
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	11	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	11	150 319	150 319
Sum innskoten eigenkapital		151 319	151 319
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	11	36 078	21 412
Sum opptent eigenkapital		36 078	21 412
Sum eigenkapital		187 396	172 731
Gjeld			
Avsetjningar for forpliktingar			
Pensjonsforplikting	12	32 479	37 430
Sum avsetjningar for forpliktingar		32 479	37 430
Anna langsiktig gjeld			
Langs. gjeld til føretak i same konsern	13, 14	657 200	553 510
Sum langsiktig gjeld		657 200	553 510
Skuldige offentlege avgifter		16 748	14 197
Anna kortsiktig gjeld	15	101 198	96 013
Sum kortsiktig gjeld		117 946	110 710
Sum gjeld		807 625	701 149
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		995 022	873 880

Stavanger, 16. mars		
		
Herlof Nilssen Styreleiar	Anne Hilde Bjøntegård Styremedlem	Eivind Gjemdal Styremedlem
		
Stener Kvinnsland Styremedlem	Inger Cathrine Bryne Styremedlem	Mette Kamsvåg Styremedlem
		
Anne Kristin Kleiven Styremedlem	Lars Erik Baugstø-Hartvigsen Styremedlem	Bodil Lekve Styremedlem
		
Ørjan Middtun Styremedlem	Agnete Sjøtun Styremedlem	Erik M. Hansen Administrerande direktør

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING 2014

	2014	2013
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar:		
Årsresultat	14 666	-4 867
Ordinære avskrivningar	174 780	142 826
Endring i omlaupsmiddel	-36 877	10 063
Endring i kortsiktig gjeld	7 736	16 740
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar	-4 951	4 670
Investeringsstilskot ført til inntekt	-1 401	0
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	153 954	169 432
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar:		
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-271 645	-191 170
Inn-/utbetalingar ved sal/kjøp av fin.anl.m	-306	-264
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-271 950	-191 434
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar:		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	60 000	50 000
Utbetaling ved nedbetaling av langs. gjeld	-2 309	-2 309
Innbetaling av investeringstilskot	47 400	13 300
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	105 091	60 991
Netto endring i likviditet	-12 906	38 989
Likvide middel 01.01	74 924	35 935
Likvide middel 31.12	62 019	74 924
Likviditetsreserve 31.12	62 019	74 924

NOTAR

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2014 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapen for året består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar. Rekneskapen er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillingsprinsippet, varsemdprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om vidare drift. Ved utarbeidinga av rekneskapen må leiinga byggje på føresetnadar og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdiar av eigendelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedkommande forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimata.

Helse Vest IKT AS blei stifta som eige aksjeselskap 1. november 2004 etter aksjelova. På same tida vart anleggsmiddel og forpliktingar overført til Helse Vest IKT AS som tingsinnskot.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

Konsolidering

Helse Vest IKT AS går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest RHF og utarbeider ikkje eigen konsernrekneskap.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet, samt postar som knytter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmiddel er vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmiddel blir vurdert til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengepostar i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner per 31.12 i rekneskapsåret.

Prinsipp for inntektsføring

Rammetilskot

Rammetilskot frå Helse Vest blir inntektsført i det året tilskotet er gitt for.

Øymerka tilskot

Øymerka tilskot vert inntektsført i den perioden kostnadane med aktiviteten blir rekneskapsførte. Gjeld tilskotet investeringar blir inntektene ført i same periode som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Andre inntekter

Sal av varer vert inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei vert utført.

Immaterielle eigendelar

Immaterielle eigendelar som ein ventar vil gi framtidige inntekter/bruksverdi for føretaket er aktivert.

Kjøpte immaterielle eigendelar, som til dømes lisensar for programvare, vert aktivert og avskrivne over økonomisk levetid.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir ført opp i balansen til historisk innkjøpskost trekt frå akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ei økonomisk levetid på over tre år, og ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar eller betringar vert lagd til driftsmiddelets kostpris og avskrivne i takt med driftsmiddelet, medan utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsført etter kvart som dei kjem på. Renter som relaterer seg til anlegg under oppføring vert aktivert som ein del av kostprisen.

Ved sal og utrangering av anleggsmiddel blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader.

Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er utrekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarande prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle eigendelar. Avskrivningane er klassifisert som driftskostnader.

Nedskrivning

Nedskrivningar av varige driftsmiddel og immaterielle eigendelar blir vurdert når det ligg føre indikasjonar på verdifall for eigendelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skriven ned til attkjøpsverdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivninga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

NOTAR

Eigenkapitalinnskott i KLP

For eigenkapitalinnskottet i KLP skal kostprinsippet nyttast. Det vil seie at det normalt berre er inn- og utbetalingar som skal påverke storleiken på innskottet.

Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskriving for pårekeleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapskikk.

Krav

Kundekrav og andre krav er ført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava.

Pensjonar

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapan etter Norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnadar. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameteren som er nytta går fram av note om pensjonar.

Pensjonskostnadar og pensjonsforpliktingar vert utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmiddel og føresetnadar frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang osv. Pensjonsmiddel er vurderte til verkeleg verdi og trekt frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar, vert resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmiddel som kjem av endringar og avvik frå føresetnadane for utrekningane (estimatendringar) er fordelt over estimert gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved starten på året er over 10 prosent av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmiddel. Pensjonsordningar som viser netto forplikting er ført opp i rekneskapan som gjeld, medan pensjonsordningar som viser netto middel, er førte opp i balansen som eigendel. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad trekt frå estimert avkastning på pensjonsmiddel) vert klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med løn og andre ytingar.

Arbeidstakardelen av pensjonspremien er trekt frå i lønskostnadane.

Pensjonsordninga tilfredsstillar krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjær, og verdien kan bereknast påliteleg, vert det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidligare årsrekneskap vert ført direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

Skatt

Helse Vest IKT AS er friteke for skatt fordi ein leverer varer og tenester til kostpris utan fortjeneste.

NOTAR

Note 2 Fordeling av inntekt

	2014	2013
Tenestosal helseføretaka	716 098	611 221
IKT-utstyr	14 285	16 668
Tenestosal eksterne	29 921	23 154
Anna *)	8 724	29 885
Sum	769 028	680 928

*) I posten Anna inngjekk i 2013 inntekter frå Nasjonal IKT med tilsvarende kostnader under Andre driftskostnader.

Note 3 Løn og andre personalkostnader

	2014	2013
Lønskostnadar Helse Vest IKT AS		
Lønskostnadar	182 003	150 706
Arbeidsgjevaravgift	25 656	21 104
Pensjonskostnadar	18 963	26 224
Andre ytingar	10 666	7 978
- Balanseførte lønskostnadar eigne tilsette	-32 640	-17 646
Sum løn og personalkostnadar	204 649	188 366
Tal på tilsette og årsverk		
Gjennomsnittleg tal på tilsette i rekneskapsåret	369	320
Tal på årsverk pr 31.12	359	308
Styregodtgjering	684	160
Godtgjering til revisor		
Revisjon etter lova	252	238
Rådgiving som vedkjem skattar og avgifter	9	0
Andre tenester utanfor revisjon	0	13
Sum honorar til revisor	261	251
Honorar til revisor i høve til inngått avtale	238	238
Honorar som vedkjem andre tenester utanfor revisjon, gjeld	0	13

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar til dagleg leiar og styreleiar i Helse Vest IKT AS.

Det er ikkje gjeve lån eller garantiar for andre leiande tilsette eller styremedlem i Helse Vest IKT AS.

Det er ikkje inngått avtale om sluttvederlag eller liknande for dagleg leiar.

NOTAR

Godtgjering til medlem av styret

Ytingar frå andre føretak i Helse Vest

Namn	Tittel	Styre-honorar	Lønn	Anna godtgjering	Sum	Teneste-periode	Honorar/lønn	Anna godtgjering
Nilssen, Herlof	Styreleiar	0	0	0	0	01-12	2 206	42
Gjemdal, Eivind	Styremedlem	84	0	0	84	01-12		
Bjøntegård, Anne Hilde	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	1 011	6
Lilleeng, Bård	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	1 699	148
Kvinnslund, Stener	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	1 704	5
Kamsvåg, Mette	Styremedlem	84	0	0	84	01-12		
Kleiven, Anne Kristin	Styremedlem	0	0	0	0	01-12	816	19
Baugstø-Hartvigsen, Lars Erik	Styremedlem	42	0	0	42	01-12		
Lekve, Bodil	Styremedlem	124 ¹⁾	0	0	124	01-12		
Jacobsen, Svend B.	Styremedlem	124 ¹⁾	0	0	124	01-12		
Sjøtun, Agnete	Styremedlem	124 ¹⁾	0	0	124	01-12		
Sum		582	0	0	582		7 436	220

1) Inkluderer etter-regulering for andre halvår 2013

NOTAR

Erklæring om fastsetting av løn og godtgjering

Helse Vest IKT AS definerer personar i stillingane administrerande direktør, avdelingsleiar og økonomisjef som leiande personell.

Helse Vest IKT AS følgjer retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at

- Leiarløn i føretaka skal vere konkurransedyktig, men ikkje lønsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønene.

Utgreiing leiarløns politikken i 2014

Løn og godtgjering til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 87/14, 10.12.2014.

Løn og godtgjering for anna leiande tilsette er fastsett administrativt.

Løn og anna godtgjering til leiande personell

Namn	Tittel	Løn	Pensjons- kostnad	Anna godt- gjering	Sum	Teneste- periode 1)
Andersen, Ørjan	Avdelingsleiar	948	223	10	1 181	01-12
Eldøy, Fredrik	Avdelingsleiar	867	146	6	1 019	01-12
Fagerli, Gjertrud	Avdelingsleiar	887	261	9	1 157	01-12
Flaten, Harald	Avdelingsleiar	962	164	78	1 204	01-12
Hansen, Erik M	Adm. dir.	1 352	211	43	1 606	01-12
Håland, Åge	Administrasjonssjef	292	0	5	297	01-05
Nordland, Leif	Økonomisjef	938	203	10	1 151	01-12

1) Tenestetid/-periode angir perioden i rekneskapsåret vedkommande har vore deltakar i føretaket si leiargruppe.

Avtalt årsløn til medlem i leiargruppa vart 2014 justert slik:

Namn	Tittel	Gamal løn	Ny løn	Auke i prosent
Andersen, Ørjan	Avdelingsleiar	910	940	3,3 %
Eldøy, Fredrik	Avdelingsleiar	830	860	3,6 %
Fagerli, Gjertrud	Avdelingsleiar	850	880	3,5 %
Flaten, Harald	Avdelingsleiar	850	885	4,1 %
Hansen, Erik M.	Adm.dir.	1 292	1 336	3,4 %
Nordland, Leif	Økonomisjef	925	960	3,8 %

I tillegg til løn har medlemmane i leiargruppa fri bruk av mobiltelefon og mogeligheit for dekning av internett og avis. Lønsjusteringane er gjennomført etter andre lønsjusteringar i helseregionen, men er gjort gjeldande for heile 2014 for administrerande direktør og avdelingsleiarane.

Retningslinjer for 2015

Til grunn for Helse Vest IKT AS sine retningslinjer, ligg mellom anna generelle retningslinjer for leiarar i statlege føretak (fastsett av regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at leiarlønene i føretaket skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønsleiande samanlikna med tilsvarande søsterføretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønene.

Fastsetting av basisløn

Ved fastsetting av basislønn skal følgjande kriterium leggjast til grunn:

Lønsutviklinga i føretaksgruppa Helse Vest generelt

Lønsutviklinga i samanliknande stillingar

Resultatvurderingar i høve til dei mål og krav styret har sett.

Dette inneber at årlege justeringar av leiarlønningane ikkje skal skje før dei årlege tariffoppgjera i spesialisthelsetenesta er avslutta.

Lønsjusteringane gjeld frå 1. januar 2015 for administrerande direktør og avdelingsleiarane.

Naturalytingar

Ytingane vert vurdert i høve til kva trong leiaren har for å fungera i stillinga, likevel avgrensa til:

Mobiltelefonordning i tråd med kva som er fastsett i føretaket

Alminnelege forsikringsordningar i høve til lov og avtalar

Eventuelt avisabonnement

Pensjonsordning

Leiande tilsette skal vere omfatta av offentleg tenestepensjon på lik linje med andre tilsette sine vilkår. Det vil seie gjennom ordinær ordning i KLP. Det er ikkje høve til å inngå avtale om pensjon utover ordinære vilkår gjennom KLP.

Sluttvederlag

Det er ikkje gjort avtale om sluttvederlag for nokon i leiargruppa i Helse Vest IKT AS.

Variable godtgjeringar eller særskilte ytingar som kjem i tillegg til basisløn

Det vert ikkje gitt variable tillegg til leiande tilsette i Helse Vest IKT AS.

Andre høve

Personar i leiinga skal ikkje ha særskilt godtgjering for styreverv i andre føretak i same føretaksgruppe.

NOTAR

Note 4 Andre driftskostnader

	2014	2013
Bygninger og kontorlokale, energi og brensel	20 172	18 432
Kjøp og leige av utstyr, maskinar og liknande	11 921	6 500
Reparasjon, vedlikehald og service	6 771	2 782
Konsulenttenester	70 187	84 189
Anna ekstern teneste	14 328	8 735
Kontor- og kommunikasjonskostnader	36 289	37 321
Kostnader i samband med transportmiddel	73	39
Reisekostnader	7 371	7 080
Forsikringskostnader	256	124
Andre driftskostnader	184 961	166 430
Sum andre driftskostnader	352 320	331 633

Note 5 Finanspostar

	2014	2013
Interne renteinntekter i føretaksgruppa	0	893
Andre renteinntekter	1 871	1 608
Andre finansinntekter	123	49
Sum finansinntekter	1 994	2 551
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	9 187	9 318
Andre rentekostnader	62	990
Andre finanskostnader	74	188
Sum finanskostnader	9 323	10 495

Note 6 Immaterielle eigendelar og varige driftsmiddel

Immaterielle eigendelar:	FOU	EDB programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01		753 663	103 056	856 719
Tilgang i året		140 588	29 024	169 612
Tilgang verksemdsoverføring				
Avgang i året				
Frå prosjekt under utvikling				
Kostpris 31.12	0	894 251	132 079	1 026 330
Akk. avskrivningar 31.12		474 714		474 714
Akk. nedskrivningar 31.12				
Balanseført verdi 31.12	0	419 537	132 079	551 616
Ordinære avskrivningar i året		83 839		83 839
Nedskrivningar i året				
Levetid		5 - 10 år		
Avskrivningsplan		lineær		

NOTAR

Varige driftsmiddel	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk- teknisk utstyr	Transportmiddel, inv.og utstyr	Sum
Kostpris 01.01			51 053		387 002	438 055
Tilgang i året			12 826		89 207	102 033
Tilgang verksemdoverføring						
Avgang i året						
Frå anlegg til utføring						
Kostpris 31.12	0	0	63 879	0	476 209	540 088
Akk. avskrivningar 31.12					294 194	294 194
Akk. nedskrivningar 31.12						
Balanseført verdi 31.12	0	0	63 879	0	182 015	245 894
Ordinære avskrivningar					90 941	90 941
Nedskrivningar i året						
Leigeavtalar		17 117			264	17 381
Levetider					3 - 5 år	
Avskrivningsplan					Lineær	

Note 7 Investeringar i aksjar og partar

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det verken er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein anna pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet bli betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

Note 8 Varelager

	2014	2013
Varer for vidaresalg		
Handelsvarer	5 389	6 454
Sum varer for vidaresal	5 389	6 454
Kostpris lager	5 389	6 454
Bokført verdi 31.12	5 389	6 454

NOTAR

Note 9 Kundekrav og andre krav

	2014	2013
Kundekrav ¹⁾	15 092	-12 852
Krav på føretak i føretaksgruppa	85 759	83 562
Oppsamla inntekter	635	296
Andre kortsiktige krav	26 994	19 533
Sum krav	128 480	90 539

Kundekrav har følgjande fordeling på forfall

Krav som ikkje er forfalt	15 157	-12 561
Krav forfalne med 1-30 dagar	184	-388
Krav forfalne med 31-60 dagar	323	85
Krav forfalne med 61-90 dagar	652	12
Krav forfalne med meir enn 90 dagar	-1 224	0
Kundekrav pålydande per 31.12	15 092	-12 852

Note 10 Kontantar og bankinnskot

	2014	2013
Skattetreksmiddel	8 612	7 177
Sum bundne kontantar og bankinnskot	8 612	7 177
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bunde	53 406	67 747
Sum kontantar og bankinnskot	62 019	74 924

Note 11 Eigenkapital

	Føretaks- kapital	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12 i fjor	1 000	150 319	21 412	172 731
Eigenkapital 01.01.2014	1 000	150 319	21 412	172 731
Resultat dette året			14 666	14 666
Eigenkapital 31.12.2014	1 000	150 319	36 078	187 396

Føretakskapitalen på kr 100 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF

Styringsmål frå eigar

	2014	2013	2002—2014
Resultat i høve til årsrekneskapen	14 666	- 4 867	34 736
Overført frå strukturfond			
Korrigert for endra levetider			
Korrigert resultat	14 666	-4 867	34 736
Pensjonskostnadar det er teke omsyn til i resultatkrava*			1 373
Resultat jf- økonomiske krav	14 666	-4 867	36 109
Resultatkrav	10 800	1 000	18 114
Avvik frå resultatkrav	3 866	-5 867	17 995

Resultatkravet for 2014 var opphavleg sett til kr 1 000 og er bygd på opphavleg inntektsfordeling frå eigar, jf styringsdokument for 2014. Kravet blei justert til kr 10 800 på bakgrunn av endra føresetnadar for pensjonskostnadar.

NOTAR

Note 12 Pensjonsforplikting

	2014	2013
Oppsamla pensjonsforplikting	-211 067	-162 135
Pensjonsmiddel	130 582	106 793
Netto pensjonsforplikting	-80 485	-55 341
Arbeidsgivaravgift på netto pensjonsforpliktingar	-11 163	-7 676
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	59 169	40 902
Ikkje resultatførte planendringar	0	-15 315
Netto bokførte pensjonsforpliktingar inkl. AGA	-32 479	-37 430
Av dette balanseført netto pensjonforplikting inkl. Aga.	-32 479	-37 430
Spesifikasjon av pensjonskostnaden		
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	24 615	19 888
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	7 440	6 215
Brutto pensjonskostnad	32 055	26 103
Venta fortjeneste på pensjonsmiddel	-5 098	-4 097
Administrasjonskostnadar	1 297	962
Pensjonskostnad eks AGA	28 255	22 968
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm. kostnad	3 919	3 186
Resultatført akturiel tap(vinst)	1 996	-20
Resultatført planendring	-15 315	0
Netto pensjonskostnad inkl. AGA	18 855	26 133
Andre pensjonskostnadar*	108	71
Sum pensjonskostnadar	18 963	26 204
Økonomiske føresetnadar		
Diskonteringsrente	2,30 %	4,00 %
Venta fortjeneste på pensjonsmiddel	3,20 %	4,40 %
Årleg vekst i løn	2,75 %	3,75 %
Årleg pensjonsregulering	1,73 %	2,72 %
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	2,50 %	3,50 %
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	375	322
Talet på oppsette personar med i ordninga	216	204
Talet på pensjonistar med i ordninga	23	21

*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnadar som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentleg tenestepensjon.

Ytingsbasert pensjonsordning

Føretaket har ei offentlig kollektiv pensjonsordning (sikra pensjonar) for sine medarbeidarar, som gir ei bestemt, framtidig pensjonsytning basert på oppteningsår og lønsnivået ved pensjonsalder. Pensjonsytningane er samordna med ytingar frå folketrygda. Pensjonsordninga dekker alderspensjon, uførepensjon og barnepensjon.

Oppteningstid for full alderspensjon er 30 år. Saman med folketrygda gir full opptening en alderspensjon på om lag 66 %. Det blir ikkje opptent alderspensjon for løn over 12G (grunnbeløpet i folketrygda), det vil seie at det er eit tak på 12G.

Pensjonskostnaden for 2014 er basert på føresetnadar i rettleiing om pensjonsforpliktingar utarbeida av Norsk regnskapsstiftelse. Det er utarbeidd eit beste estimat for pensjonsforpliktingar per 31.12.2014 basert på dei økonomiske føresetnadane gitt for 2014. Basert på avkastinga i pensjonskassane er det også vist eit beste estimat for pensjonsmiddel per 31.12.2014.

Konsekvensane av nye uførepensjonsreglar og innarbeiding av levealdersjustering for personer født i 1954 og seinare er innarbeida i berekninga. Begge endringane er behandla som planendringar og medfører ei redusert framtidig pensjonsforplikting. Effekten av dette er rekna inn som ein eingongseffekt i rekneskapen for 2014 og har medført betydelege beløp til inntektsføring.

Føresetnadar for dødelegheit

KLP har valt tabell for dødelegheit, K2013BE, som tar utgangspunkt i FNO sine analysar av dødelegheita i populasjonen for livsforsikring i Noreg og framskrivingar som SSB har føretatt. Vidare er KLP uføretariff nytta.

Demografiske føresetnadar

Nytta tabell over dødelegheit	K2013BE	K2013BE
Uttak AFP etter erfaring	15-45 %	15-45 %

Frivillig avgang for sjukehusleger og fellesordninga (i %)

Alder (i år)	< 20	20-23	24-29	30-39	40-50	51-55	>55
Fellesordning	20	15	10	7,5	5	2	0

Avtalefesta pensjon (AFP)

Føretaket har i tillegg til tenestepensjoner ei avtalefesta ordning for førtidspensjonar (AFP) etter reglane for offentlig sektor. Ordninga er 100 % eigenfinansiert av føretaka, men vert administrert av KLP. Ettersom ordninga

NOTAR

Note 13 Avsetting for langsiktige forpliktingar

	2014	2013
Investeringsstilskot	53 799	7 800
Sum avsetting for forpliktingar	53 799	7 800

Investeringsstilskotet vert ført til inntekt i takt med avskrivningane på den finansierte investeringa

Note 14 Anna langsiktig gjeld

	2014	2013
Gjeld i føretak i same føretaksgruppe	603 401	545 710
Sum anna langsiktig gjeld	603 401	545 710

Note 15 Anna kortsiktig gjeld

	2014	2013
Leverandørgjeld	23 932	26 959
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	22 256	25 333
Opptente feriepengar	20 254	19 709
Opptent, ikkje utbetalt løn	6 763	5 414
Anna kortsiktig gjeld	27 993	21 503
Sum kortsiktig gjeld	101 198	96 013

Note 16 Nærstående partar

Nærstående til Helse Vest IKT AS er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlige transaksjoner med nærstående parter kjem fram i denne og andre notar i årsrekneskapan.

Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 3, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i note 17.

Det vesentlegaste av inntekter i Helse Vest IKT AS er sal mot andre føretak i Helse Vest som i 2014 utgjorde om lag 730 millionar kroner.

Helse Vest IKT AS har gjennomført en kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlege kjøp. I Helse Vest IKT AS er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarlig for, eller har påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtalar ikkje sit med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i selskapet.

Note 17 Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest

Føretak	Kortsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	10 097	- 9 449	-657 200
Sjukehusapoteka Vest HF	295	-113	0
Helse Bergen HF	44 137	-944	0
Helse Stavanger HF	20 328	-1 498	0
Helse Fonna HF	1 984	-624	0
Helse Førde HF	8 918	-9 628	0
Sum	85 759	-22 256	-657 200

MELDING FRÅ REVISOR



Building a better
working world

Statsautorisert revisor
Ernst & Young AS

Væsteboln 11's Torus, NO-4313 Sandnes
Postboks 8019, NO-4038 Stavanger

Foretaksregister: NO 978 389 387 MVA

Tlf: +47 51 73 86 00

Fax: +47 51 71 86 01

www.ey.no

Medlemmer av den norske revisorforening

2015/10

Til generalforsamlinga i Helse Vest IKT AS

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Helse Vest IKT AS, som er samansett av balanse per 31. desember 2014, resultatregnskap og kontantstrømpoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og administrerande direktør sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og administrerande direktør er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvissande bilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret administrerande direktør finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krav at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvissande bilete. Føremålet er å utføre revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samlede presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ernst & Young AS og Ernst & Young

MELDING FRÅ REVISOR



Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av den finansielle stillinga til Helse Vest IKT per 31. desember 2014 og av resultat og kontanttraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.

Utsøgn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om dekking av tap er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at styret og administrerende direktør har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Stavanger, 16. mars 2015
ERNST & YOUNG AS



Tommy Lothe
statsautorisert revisor